

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 22.09.2020
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Børge Tvedt
SAKA GJELD: **Utskifting av MR-maskin ved Førde sentralsjukehus**

ARKIVSAK: 2020/4280

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.10.2020

STYRESAK:
061/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gir administrerende direktør fullmakt til å sette i verk kjøp av MR-maskin til Førde sjukehus innanfor ei investeringsramme på inntil 23,5 millionar kroner.

Kjøp av ny MR vert finansiert med delar av overskotet ut over resultatkravet frå åra 2018 og 2019.

Oppsummering

Det har over lang tid vore meldt inn behov for å skifte ut den eine MR (magnetresonans) ved Førde sentralsjukehus (FSS). Den eldste MR-maskina er frå 1997, og det er vedvarande problem med driftsstans. Administrerande direktør vurderer at det no er nødvendig å investere i ny MR ved sjukehuset i Førde.

Investeringa er planlagt finansiert med bruk av delar av overskot ut over resultatkrav i 2018 og 2019. Resultatet i 2018 var 57,2 millionar, som var 29,2 millionar betre enn budsjett. I 2019 var resultatet 40,7 millionar, som var 4,7 millionar betre enn budsjett. I tillegg vart det i 2019 gjort ei nedskrivning på 15,2 millionar knytt til bygg, noko som ikkje påverkar bereevna til føretaket i forhold til investeringar.

Fakta

Ei MR-undersøking framstiller digitale bilete av indre organ ved hjelp av eit sterkt magnetfelt og radiofrekvente bølger. MR-undersøkingar gjev spesielt god framstilling av endringar i muskulatur, bindevev og sentralnervesystemet. I tillegg kan MR framstille sjukdomsforandringar i skjelett, hjarte, bryst, blodårar, urinveger og bukorgan inkludert tarmsystemet.

Helse Førde har i dag 4 MR-maskiner i drift, to ved FSS (frå 1997 og 2017), ei ved Nordfjord sjukehus (2007) og ei ved Lærdal sjukehus (2018). Det er vurdert at det er behov for fire MR-maskiner i Helse Førde, då det ikkje er ledig MR-kapasitet andre stader i regionen og alle helseføretaka har dei same utfordringane med lange ventetider.

Det er i dag knytt stor uvisse til stabilitet ved drifta av den eldste maskina ved FSS. Vi har i 2019 hatt to driftsstansar med denne, og det har vore store kostnader ved reparasjon. Det er òg blitt utfordrande å skaffe reservedelar til maskina. Reparasjonar bidreg også etterkvart i liten grad til forlenga levetid. Den eldste MR-maskina har driftskostnader som ligg kring 400 000 kroner høgare enn dei nyare maskinene grunna lekkasje og vedlikehald. Bilet- og undersøkingskvalitet er og av slik karakter at vi no i mindre grad kan nytte denne maskina som ei fullskala MR-maskin.

Investering i ny MR ved Førde sjukehus har vore planlagt over lang tid. Ettersom kostnaden er like stor eller større enn midlane som kvart år vert budsjettert til medisinskteknisk utstyr, har det ikkje vore råd å realisere investeringa. Administrerande direktør har tidlegare signalisert, både til styret og i dialog med avdelingssjefane, at føretaket må vurdere å bruke overskot ut over resultatkrav i 2018 og 2019 til investering i medisinskteknisk utstyr, og særskilt vurdere investering i MR.

Oversyn over MR-undersøkingar ut frå registrerte kodar i radiologisystem.

År	Antall
2015	9 473
2016	10 004
2017	8 483
2018	8 982
2019	12 461

Det har vore auke i tal undersøkingar, særleg frå 2018-2019. Forklaringa er i hovudsak at MR i Lærdal vart sett i drift i desember 2018, men det vart òg skifta radiologisystem i overgangen 2018/2019 slik at dette kan påverke tala noko.

MR-drifta ved Førde sentralsjukehus er grovt sett todelt

1) Polikliniske pasientar tilvist frå primærhelseteneste eller spesialisthelseteneste

a. På dagtid

b. Kveldstid fram til 22:30

2) Undersøkingar av inneliggjande pasientar tilvist frå spesialisthelsetenesta

Det er spesielt gruppe 2 der vi, gjennom ei andre maskin ved Førde setralsjukehus, har klart å betre tenestetilbodet. Det har gjort at langt fleire pasientar kan undersøkjast medan dei er innlagde, og med det verte meir avklara før utskriving.

Administrerande direktør har i samarbeid med fagmiljøet vurdert to moglege alternativ for anskaffing av ny MR-maskin.

1. Løyse ut opsjon på ei 1,5T-maskin.

Ei 1,5T-maskin er lik maskina som sist vart innkjøpt ved Lærdal sjukehus. Dette alternativet vil vere enklast å realisere. Det vil ikkje vere behov for ny anbodsrunde, då vi kan nytte opsjon knytt til tidlegare anskaffing. Helse Førde vil med dette alternativet ha to tilnærma like maskiner ved Førde sentralsjukehus, og ein driftsmodell der personalet vil kunne samarbeide tett. Totalt kostnadsestimat for denne investeringa er 16,2 millionar kroner (sjå tabell alternativ 1). Fagleg vil dette bety uendra tilbod/kvalitet, men vil kunne gi noko auka maskinkapasitet.

Kalkyle bygg/teknisk alternativ 1):

Spesifikasjon:	Kommentar:	Sum i kroner
Byggekostnader	Historiske tal + m ²	3 500 000
Spesielle kostnader		
Flytte eksisterande lab(skjelettlab)		375 000
Margin	15%	525 000
Sum		4 400 000

Totalt bygg og MR (Opsjon) alternativ 1):

Spesifikasjon:	Kommentar:	Sum i kroner
MR	Inkl mva	11 800 000
Prosjektkostnad bygg	Inkl mva	4 400 000
Sum		16 200 000

2. Ny anbodsrunde på ei 3T-maskin.

Alternativet betyr å ta inn ein type utstyr som er nytt i Helse Førde HF, ei 3T-maskin opnar opp for andre typar undersøkingar og betra kvalitet. Ein 3T MR er prinsippet lik i funksjon som 1,5T MR, men har ein kraftigare magnet med dobbel styrke. Dette vil gje større diagnostiske moglegheiter i form av betre bildekvalitet/oppløysning som er aukande etterspurt. Plassbehovet er om lag likt som for alternativ 1, men det vil kunne bety ekstra kostnader knytt til skjerming av denne magneten.

Maksimal utnytting av maskinkapasitet vil ved begge alternativene, avhenge av tilstrekkeleg legekapasitet til å handtere gransking av undersøkingar.

Kalkyle bygg/teknisk alternativ 2):

Spesifikasjon:	Kommentar:	Sum i kroner
Byggekostnader	Historiske tal + m ²	3 850 000
Spesielle kostnader		1 000 000
Flytte eksisterande lab(skjelettlab)		375 000
Margin		727 500
Sum		5 952 500

Totalt bygg og MR alternativ 2):

Spesifikasjon:	Kommentar:	Sum i kroner
MR	Inkl mva	17 500 000
Prosjektkostnad bygg	Inkl mva	5 952 500
Sum		23 452 500

For å kvalitetssikre den faglege tilrådinga frå radiologisk avdeling sette administrerande direktør ned ei faggruppe for å vurdere saka. Faggruppa var samansett av

- Børge Stavland , konstituert direktør medisinsk klinikk
- Torbjørn Sygna, konstituert avdelingssjef radiologisk avdeling
- Per Arne Flølo, avdelingssjef medisinsk teknisk avdeling
- Tom Guldhav, direktør kirurgisk klinikk
- Trine Vingsnes, fagdirektør

Arbeidsgruppa gav 29.04.2020 slik tilråding til administrerande direktør:

Arbeidsgruppa tilrår at Helse Førde går for alternativ 2, dvs. ny anbudsrunde på 3T-maskin der samla estimat på kostnad er om lag 23,5 millionar.

Vurdering

Ved berre ei MR-maskin ved FSS ville det mest fleksible ha vore å ha ei 1,5T-maskin då denne er best eigna som «arbeidshest» og rutinemessige problemstillingar. Men etterspurnaden etter MR-diagnostikk og driftsmessige forhold tilseier at FSS må ha to operative MR-maskiner av god kvalitet tilgjengeleg.

Det er i hovudsak pasientar tilvist til nevrologiske undersøkingar som ikkje får dekka behovet for MR med maskinparken vi har i dag. Desse pasientane vert tilvist til Haukeland universitetssjukehus for undersøking i 3T MR. Aktuelle undersøkingar som krev undersøking i 3T MR er epilepsi, diagnostikk av MS, aneurisme (blodkar med utposingar) og hjernenervar. I tillegg er 3T MR aktuelt innan barneradiologi. Elles er ei rekkje problemstillingar/pasientar alt i dag aktuelle for diagnostikk med 3T MR. Generelt vil undersøkingar innan nevrologi, muskel/skjelett samt fleire typar kreftutgreiingar, som samla står for eit stort volum av undersøkingar, få eit bildediagnostisk løft og opne for nye moglegheiter dersom vi vel å investere i 3T MR. Pasientar som i dag må undersøkast med supplerande MR på 3T MR, må tilvisast Haukeland universitetssjukehus.

Konklusjon

Administrerende direktør vurderer trass i høgare kostnad ved anskaffing og lengre anskaffingstid grunna anbudsprosess, at det er rett og meir framtidsretta å investere i ein ny 3T MR ved sjukehuset i Førde. Ved ei slik investering vil Helse Førde ha tre 1,5T-maskiner i føretaket, og ei 3T-maskin. I mi vurdering legg eg særleg vekt på at Helse Førde som føretak skal kunne tilby gode diagnostiske tenester til befolkninga innan vesentlege område som nevrologi, muskel- og skjelettlidingar. Det er vidare svært viktig å leggje til rette for god kreftdiagnostikk, slik at Helse Førde kan oppretthalde og utvikle tilbødet til pasientane innan dei store kreftgruppene.